
Arkivkode:

Sak nr.: 2013/8572

Styresak: 48

Møte: 28.5.2014

Årsrapport 2013 for På Høyden

Bakgrunn

Universitetsstyret behandlet På Høydens redaksjonelle og organisatoriske plattform i sak 44/11. Prinsippene for endring av avisen, oppnevning av styre og mandat for På Høyden ble behandlet i sak 54/11. Det følger av mandatet at styret skal årlig avgi rapport til universitetsstyret om virksomheten. På Høydens årsrapport legges med dette frem for universitetsstyret.

Universitetsdirektørens kommentarer

På Høyden har tre ansatte, to journalister og en redaktør. På Høydens uavhengige rolle ble ytterligere styrket da redaktøren meldte seg inn i Redaktørforeningen. I løpet av året 2013 fikk På Høyden både ny form og nytt publiseringsverktøy. Trafikkanalyser viser at stadig flere besøker nettstedet. Avisen gikk med overskudd i fjor.

På Høyden ønsker at nettavisen skal bli mer synlig på UiBs nettsider.

Universitetsdirektøren legger frem følgende forslag til

Vedtak:

Universitetsstyret tar årsrapport 2013 for På Høyden til etterretning.

14.5.2014/Mona Viksøy

Vedlegg:
Årsrapport 2013 for På Høyden



Årsrapport På Høyden 2013

Innleiing

2013 var året der På Høyden fekk ny form og nytt innhald, etter å ha hatt det same uttrykket i tolv år. Året har òg vore prega av rektorvalkampen våren 2013.

Grunnlag og føremålsparagraf

«På Høyden skal vere ei avis for Universitetet i Bergen (UiB), der hovudmålgruppa er tilsette ved UiB. Den redaksjonelle verksemda skal vere forankra i UiBs grunnleggande verdiar slik dei er nedfelte i Universitets- og høgskulelova og i strategien til UiB. På Høyden skal bidra til å synleggjere ulike sider ved verksemda til universitetet innanfor undervisning, forskning og formidling, samt fremje meiningsutveksling og fri debatt. På Høyden skal søkje eit journalistisk perspektiv i tråd med ideala til den frie pressa.»

Føremålsparagrafen blei vedteken i styremøtet 31.5.2011 (vedlegg 1), etter ei sak fremja av universitetsdirektøren. I saka blir det og lagt ein del andre føringar, til dømes om medlemskap i Fagpressen, og signal om å vurdere namnebyte.

Desse prosessane er for det meste godt i gang. Det kom til dømes inn ni tilbod om ny publiseringsløyising, og På Høyden er tatt opp som medlem i Fagpressen. Redaktøren er innmeld i Redaktørforeningen, og kursen er sett når det gjeld den nye, uavhengige linja til På Høyden.

Redaksjonell linje – val og omstilling

Vinteren og våren 2013 var prega av rektorvalet i april, der Dag Rune Olsen og hans rektorat gikk sigrande ut etter ein lang og jamn valkamp. Etter å ha analysert valet i 2009 sette vi i gang valkampdekkinga allereie før jul, slik at det skulle bli tid til å diskutere mange, ulike saker, og at ulike grupper skulle få stille sine spørsmål til kandidatane.

På Høyden ba om å få inn spørsmål til kandidatane frå lesarane, slik at politikken dei ville føre skulle vere kjend før valet. Oversiktssida for valet i 2013 var den nest mest besøkte sida i heile fjor.

Valmånaden april toppar statistikken for sidevisningar, med 113 000 sider.

Team Olsen vann valet med 58,9 prosent av røystene, mens Atakan sitt lag fekk 41,1 prosent. Valet ga dermed eit klart mandat til Olsen, på same tid som det var ganske jamt. Valdeltakinga gikk ned frå 39,2 prosent til 27,5 prosent, og berre 20 prosent av studentane deltok.

Til samanlikning var deltakinga ved Universitetet i Oslo 20 prosent, og ein student var den einaste motkandidaten til sitjande rektor.

Målt mot andre universitets- og høgskuleval må valet ved UiB kunne seiast å ha vore vellukka, med jamt over god mobilisering. På Høyden er godt nøgde med si eiga dekning av valet. Avisa bidrog òg til at kandidatane til universitetsstyret fekk presentert seg, og før begge vala var På Høyden flittig brukt som debattorgan for lesarbrev. I etterkant av valet fekk vi ros for dekninga vår frå begge kandidatura, noko vi tek til oss som eit teikn på at dekninga var nokolunde balansert.

Den andre store hendinga i På Høyden i 2013 var omlegginga til ny design og nytt publiseringsystem 1. oktober. Bak står IT-selskapet Ramsalt Lab AS i Tromsø, som er mykje brukt av nettaviser, og det eksterne designskapet Tank.

Løysinga kostar i overkant av 400 000 kroner, og det kom ni anbod inn.

Lanseringa var noko forseinka, og skulle opprinneleg ha skjedd i slutten av juni, men leverandøren var forseinka, og vi ville heller ha eit produkt med få feil enn tidleg lansering.

Tilbakemeldingane har vore svært gode, og feila vi har oppdaga har vore av det mindre slaget. Den nye løysinga legg langt større vekt på debatt og sosiale medier, med lesarkommentarar, twitter og bloggar som viktige delar.

Debatten har fått eit løft med den nye løysinga, sjølv om det er eit ønskje at fleire grupper tek kommentarfelta i bruk. Redaksjonen er elles nøgde etter å ha bidrege til å dra i gang ein nasjonal debatt om forskingsfinansiering og etiske grenser i petroleumsforskning.

Trafikkanalysen viser at stadig fleire nye brukarar er innom nettstaden. Aktiviteten rundt rektorvalet om våren var uvanleg høg, mens besøkstala i dei tre siste månadane i 2013 er meir på det jamne. Det er difor ingen stigande tendens å sjå av den nye løysinga, men då trafikken til ei nettavis som ofte blir lesen i samanheng med jobb

Talet på vitjingar har hatt ein god stigning med 386 000 økter, mot 345 000 i 2012. Vi hadde 871 000 sidevisningar i løpet av heile året.

Utviklinga på mobil og nettbrett er god, med over 21 prosent av trafikken på slutten av året.

Ifølgje medieovervakingstenesta Opoint er På Høyden sitert kring 333 gonger i løpet av 2013.

Tilsette

På Høyden hadde 31.12.2013 tre fast tilsette. Hilde Kristin Strand har hatt mammapermisjon frå desember 2012, og i halvannen månad var journalist Eivind Pettersen tilsett som mellombels vikar.

Frå 1. januar 2014 er Tor Harald Monsen inne som vikar for Hilde. Han er ein særst erfaren universitetsavisjournalist, og kjem frå Universitetsavisa ved NTNU.

Sjukefråvere ved På Høyden er lågt.

Styret

Margareth Hagen har blitt dekan, og Synnøve Myhre universitetsstyrerepresentant, og måtte difor trekke seg frå På Høyden-styret. Dei er erstatta av Marion Solheim og Siri Skjold Lexau.

Økonomi

På Høyden hadde ein sunn økonomi i 2013, med eit underforbruk på 243 000 kroner i høve til budsjett. Dette skuldast dels at ny nettløysing blei sett i verk meir enn tre månader etter planen. Den nye løysinga generere noko høgare utgifter til drift.

Pengane som var til overs i 2013 er overførde til 2014.

Dag Hellesund (ansvarleg redaktør)

Stein Kuhnle (styreleiar)

Art	Budsjett 2013	Regnskap 2013	Avvik	Budsjett 2014
Inntekter				
3600 Leieinntekter lokaler	0	2 000	-2 000	
3900 Innt. statsoppdrag KD eget kap	-2 500 000	-2 500 000	0	
3934 Avskr, bevilg til invest,utstyr/inventar	0	-1 583	1 583	-6 000
	-2 500 000	-2 499 583	-417	-6 000
Lønnskostnader				
5002 Fastlønn teknisk/adm.	1 409 200	1 363 888	45 312	1 423 800
5081 Påløpte feriep. fast ansatte	169 100	163 597	5 503	170 900
5091 Periodisering lønn fast ansatte	0	-1 472	1 472	
5102 Vikarlønn midlertidig teknisk				343 500
5105 Lønn ekstrahjelp	0	19 472	-19 472	
5181 Påløpte feriep. midl. ansatte	0	2 337	-2 337	41 200
5211 Fordel EK-tjenester	0	11 681	-11 681	
5251 Fordel gruppeliv	3 400	3 459	-59	4 800
5299 Motpost naturalytelser	0	-11 681	11 681	
5336 Selvst. næring Paga	0	17 900	-17 900	
5392 Utgiftsrefusjon privat	0	3 970	-3 970	
5401 Aga av lønn,honorar,gruppeliv	199 200	197 822	1 378	249 900
5405 Aga av pensjonsinnskudd	26 800	26 619	181	36 600
5411 Aga av påløpte feriepenger	23 900	23 397	503	29 900
5421 Arbeidsgivers pensjon	189 900	188 784	1 116	258 800
5801 Refusjon av sykepenger	0	-27 464	27 464	
5802 Ref. feriep. av sykepenger	0	-2 586	2 586	
5811 Ref. av foreldrepenger	0	-16 902	16 902	-324 000
5812 Ref. feriep. av foreldrep.	0	-1 724	1 724	-38 900
5890 Ref. aga syke-/foreldrep.	0	-1 266	1 266	-50 900
	2 021 500	1 959 830	61 670	2 145 600
Andre driftskostnader				
6000 Andre driftskostnader, budsjett	119 306	0	119 306	2 800
6057 Avskrivning datautstyr	0	1 583	-1 583	6 000
6540 Kjøp inventar / kontormaskiner	0	6 894	-6 894	
6551 Kjøp Datautstyr	0	3 567	-3 567	
6553 Kjøp Tele og annet kommunikasjonsutstyr	0	468	-468	
6662 Service/vedlikehold annet utstyr	0	470	-470	
6704 Konsulent tjenester, kjøp	170 000	53 163	116 838	165 000
6799 Andre tjenester, kjøp	0	1 899	-1 899	
6800 Kontorrekvisita	0	10 843	-10 843	12 000
6830 Annonser/kunngjøringer	0	21 745	-21 745	
6840 Aviser, tidsskrifter	0	4 083	-4 083	5 000
6861 Konferanse-, seminar- og kursutgifter	50 000	59 424	-9 424	30 000
6900 Telefoni forbruk	0	18 470	-18 470	19 000
7090 Frakt og transportkostnader	0	126	-126	
7100 Bilgodtgjørelse oppgavepl.	0	1 572	-1 572	
7130 Reise oppgavepliktig	0	427	-427	
7131 Reise ikke oppg.pl. (refusjon)	160 000	63 789	96 211	120 000
7150 Diett oppgavepliktig	0	9 448	-9 448	
7151 Diett oppg.- og aga.pliktig	0	526	-526	
7350 Representasjon, bevertning til møter	0	30 202	-30 202	
7400 Medlemskontingenter,virksomhet	0	14 890	-14 890	
7410 Gaver	0	3 554	-3 554	


7799 Diverse kostnader	0	2 397	-2 397	
	499 306	309 540	189 766	359 800
9141 Belastet fast internhusleie	73 000	73 000	0	75 600
9145 Energi, belastet	11 000	11 000	0	13 000
9182 Belastet kursutgifter	0	800	-800	
9183 Belastet telefonutgifter	0	231	-231	
9184 Belastet interne datatjenester	0	5 500	-5 500	
9189 Belastet andre utgifter	0	900	-900	
	84 000	91 431	-7 431	88 600
	104 806	-138 781	243 587	2 588 000
Tildeling	2 588 000			
igjen	0			

Oversikt over målgrupper

1. jan. 2013 - 31. des. 2013

Alle besøk
100,00 %

Oversikt



Besøk
86 585

Unike besøkende
32 168

Sidevisninger
192 116


Sider/besøk
2,22

Gjennomsn. besøkstid
00:02:35

Fluktfrekvens
57,18 %

% Nye besøk
37,15 %

Returning Visitor New Visitor




Språk	Besøk	% Besøk
1. en-us	32 133	37,11 %
2. nb-no	29 182	33,70 %
3. nb	12 902	14,90 %
4. no	7 105	8,21 %
5. nn-no	1 567	1,81 %
6. en	1 086	1,25 %
7. en-gb	877	1,01 %
8. de-de	366	0,42 %
9. nn	303	0,35 %
10. sv-se	254	0,29 %

Oversikt over målgrupper

1. jan. 2013 - 31. des. 2013

Alle besøk
100,00 %

Oversikt



Besøk
299 335

Unike besøkende
84 379

Sidevisninger
678 495


Sider/besøk
2,27

Gjennomsn. besøkstid
00:02:52

Fluktfrekvens
56,16 %

% Nye besøk
25,20 %

Returning Visitor New Visitor



Språk	Besøk	% Besøk
1. en-us	116 282	38,85 %
2. nb-no	92 363	30,86 %
3. nb	38 798	12,96 %
4. no	32 767	10,95 %
5. en	5 509	1,84 %
6. nn-no	4 716	1,58 %
7. en-gb	2 368	0,79 %
8. de-de	2 213	0,74 %
9. nn	766	0,26 %
10. sv-se	717	0,24 %